



Fjellnettverket høyrings svar: NOU 2022-10 Inntektssystemet

Fjellnettverket er eit politisk nettverk for kommunar, regionråd og fylke. Oppgåva vår er å arbeide for levande og livskraftige bygder i fjellområda.

Utforminga av inntektssystemet er sentral for gode kommunale tenester over heile landet. Eit meir treffsikkert inntektssystem kan løyse store samfunnsutfordringar, slik det er beskrive i *NOU 2020: 15 Det handler om Norge – utredning om konsekvenser av demografiutfordringer i distriktene* frå Demografiutvalet.

Fjellnettverket er kritisk til forslaget lagt fram i NOU 2022: 10 Inntektssystemet, og meiner at fleire av forslaga vil auke utfordringane til distrikta og fjellkommunane. Summen av forslaga frå Inntektssystemutvalet vil auke sentraliseringa og vere eit hinder for berekraftig bruk av naturressursar.

Fjellkommunane i dag

Det er over 100 kommunar som høyrer til fjellområda i sør- og midt Noreg. Fjellkommunane har i dag store utfordringar: Fråflytting, fødselsunderskot og mangel på arbeidskraft med relevant kompetanse. Befolkningsframskrivingane frå Telemarksforsking viser at fleire av desse negative trekka truleg kjem til å forverre seg framover.

Skal fjellområda klare å oppretthalde gode tenester framover og skape gode, attraktive lokalsamfunn, trengst det ei styrka satsing på distriktskommunane. Dersom forslaget til Inntektssystemutvalet blir innført, vil det føre til auka sentralisering og mindre attraktive lokalsamfunn i distrikta.

Overføring frå distrikt til by

Samla vil forslaga til Inntektssystemutvalet få negative konsekvensar for dei minst sentrale kommunane. Kommunar med eit folketal over 30



000 innbyggjarar foreslår utvalet skal få auka inntekter, medan kommunar med innbyggjarar under 15 000 vil få redusert sine inntekter.

Det er fleire forslag i *NOU 2022: 10 Inntektssystemet* som har negative konsekvensar for dei minst sentrale kommunane og kommunar med lågt folketal. Eitt av forslaga frå utvalet er å endre strukturkriteriet, som skal fange opp lange reisevegar. I dag er det slik at dette blir berekna ut frå reiselengde for å nå 5000 innbyggjarar. Utvalet foreslår at for kommunar med under 10 000 innbyggjarar skal dette endrast til reiselengde for å nå ei dobling av innbyggjartalet. I argumentasjonen legg utvalet vekt på at reiselengde er ei frivillig kostnadsulempe, ved at kommunane kan velje å organisere seg annleis. Fjellnettverket kan ikkje forstå at utvalet konkluderer med at fysisk avstand er noko ein kan organisere seg vekk i frå. Endringar i kommunestruktur endrar ikkje avstandar, flyttar ikkje fjell eller fjellovergangar. Fjellnettverket meiner at inntektssystemet ikkje bør brukast som politisk verkemiddel for å få kommunar til å slå seg saman.

Eit anna døme er når utvalet vurderer skuleutgifter, der dei meiner at tilskotet som vart innført i 2022 på 500 000 kr pr grunnskule skal avviklast. I distrikta er det ofte lange avstandar og nødvendig med fleire skuler enn i meir sentrale strøk. Ein skulestruktur som tek omsyn til at barn og ungdom ikkje skal måtte reise urimeleg langt til skulen, er viktig for framtidig busetjing i distrikta. Lang veg til skular og barnehage hindrar tilflytting av familiar i distriktskommunane. Fjellnettverket er difor usamd med utvalet i at tilskotet bør avviklast.

Utvalet meiner ein bør ta i bruk den nye distriktsindeksen. Indeksen, som vart foreslått endra i 2020, avgjer kva kommunar som får distriktstilskot, men òg kva område som har redusert arbeidsgjevaravgift, midlar til fylkeskommunane innanfor distrikts- og regionalpolitikken og distriktretta investeringsstøtte frå Innovasjon Noreg. Den nye distriktsindeksen er meir grovmaska enn den frå 2017, og slår i hovudsak negativt ut for små kommunar. Fjellnettverket meiner den nye distriktsindeksen må omarbeidast og justerast før den kan takast i bruk.

Demografiutvalet si utgreiing i *NOU 2020:15 Det handler om Norge* viser at små distriktskommunar ofte må ta eit ansvar for fleire og andre oppgåver enn i større kommunar, og har difor større kostnader.



Inntektssystemutvalet er inne på det same og skriv dette om framtida til distriktskommunane:

Framover vil kommunesektoren kunne bli tydelig preget av den demografiske utviklingen. Utgiftene vil isolert sett øke som følge av flere eldre innbyggere, samtidig som at inntektene vil bremses av færre personer i yrkesaktiv alder. Utviklingen vil trolig arte seg ulikt mellom kommuner, hvor særlig distriktskommuner vil oppleve høyere utgifter og lavere skatteinntekter. (S. 24)

Likevel konkluderer utvalet slik om dei samla verknadene av forslaga i NOU 2022:10 Inntektssystemet:

Hvis vi ser på kommunene gruppert etter sentralitet kommer de mest og nest mest sentrale kommunene positivt ut med utvalgets forslag, mens de minst sentrale kommunene i sum kommer negativt ut. (s. 52)

Det offentlege har i stor grad bidratt til sentraliseringa og gjort vilkåra for distriktskommunane dårlegare. NOU 2020: 12 - Næringslivets betydning for levende og bærekraftige lokalsamfunn frå Distriktsnæringsutvalet viser at veksten i sysselsettinga i offentleg sektor har skjedd på ein slik måte at sentraliseringa har gått snøggare. Samla har fjellkommunane hatt 8,9 prosentpoeng svakare arbeidsplassvekst enn landet dei siste ti åra. Det offentlege har altså i stor grad auka sentraliseringa. Forslaga til Inntektssystemutvalet vil forsterke denne sentraliseringa, og auke utfordringane til distriktskommunane.

Samla vil forslaga til utvalet redusere inntektene til distriktskommunane. Fjellnettverket meiner difor at forslaga til utvalet som omfordelar inntekter frå distriktskommunar til meir sentrale strøk, ikkje kan eller bør gjennomførast.

Fritidsinnbyggaren

For fjellkommunane og andre distriktskommunar er det ei spesiell utfordring at overføringane til kommunane baserer seg på innbyggjarar



og ikkje på faktiske brukarar av tenester i kommunen. Fjellnettverket og fleire andre organisasjonar og kommunar har spelt dette inn til utvalet. Utvalet har vurdert dette og skriv i utgreinga at

Kommuner med mange fritidsinnbyggere har selv valgt å legge til rette for utbygging av fritidsboliger. Kostnader forbundet med dette bør dermed ikke betraktes som ufrivillige kostnader og bør ikke omfattes av utgiftsutjevningen. (s.19)

Fjellnettverket meiner for det første at dette kan ein seie om mange ulike endringar i samfunnet, og for det andre at utvalet ser bort frå korleis bruken av fritidsbustader har utvikla seg.

Sidan 90-talet har måten nordmenn byggjer og brukar fritidsbustader på, endra seg: Frå små hytter med enkel standard til bustad nummer to. Fritidsinnbyggjaren brukar mykje tid på hytta og i kommunen hytta ligg i. Mange fjellkommunar får mangedobla innbyggjartalet i høgsesongane. Mange kommunar får fleire positive ringverknader av fritidsbustadene men òg store utgifter. Har heimkommunen gjort vedtak om heimehjelp eller heimesjukepleie, må vertskommunen følgje dette vedtaket. Noko som medfører store kostnader og belastning på helsepersonell i periodar det eigentleg skal avviklast ferie. Fjellkommunane har auka utgifter til legevakt, plan- og byggesaksbehandling og beredskap på grunn av fritidsinnbyggerane.

For mange av kommunane er brukartalet svært ulikt avhengig av sesong. Det fører til utfordringar med bemanning og ekstra utgifter for kommunen. Problemstillinga er òg knytt til vatn, avløp og renovasjon, der anlegg og tenester må dimensjonast etter talet på brukarar og ikkje innbyggjarar. Å oppretthalde kapasitet fører til ekstra utgifter for kommunane og for dei som bur fast i kommunen.

I 2020 vart denne situasjonen satt på dagsorden ved innføring av hytteforbodet, som førte til stor debatt og eit auka konfliktnivå mellom innbyggjarar og fritidsinnbyggjarar. Vårt ønske er at fjellbygdene skal vere i stand til å tilby både fastbuande og fritidsinnbyggerane gode tenester.

Utvalet skriv i sitt forslag at ein kan sjå for seg andre løysingar, dei forslår ei refusjonsordning mellom ulike kommunar knytt til tenester gitt av ein annan kommune enn bustadkommunen og meir fleksibilitet



for kommunane i høve til eigedomsskatt. Fjellnettverket meiner i utgangspunktet at inntektssystemet bør ta utgangspunkt i brukartal, og at dette bør leggest til grunn for statlege overføringar til kommunar med mange fritidsbustader. Dersom dette ikkje er mogleg, må dei alternative løysingane greiast ut raskt. Fjellkommunane treng ei løysing som sikrar gode tenester for både innbyggjarar og tilreisande.

Forslaget vil hindre det grønne skiftet

Vasskrafta er ein berebjelke i det norske kraftsystemet, og rein energi og vidare utbygging er sentralt for ei meir berekraftig framtid.

Inntektsutvalet meiner at konsesjonskraftinntekter skal sidestillast med skatteinntekter og at ein del av desse inntektene skal inn i utjamninga mellom kommunane.

Fjellnettverket meiner at med dette forslaget bryt utvalet med ein over hundreårig samfunnskontrakt og føresetnaden for kraftutbyggingane. Kommunane med vasskraft har fått ein varig kompensasjon for bruk av lokale ressursar og store, irreversible inngrep i naturen. Slike inntekter kan ikkje og bør ikkje avviklast ved endringar i inntektssystemet for kommunesektoren.

Fjellnettverket noterer at Inntektssystemutvalet konkluderer heilt motsett av Distriktsnæringsutvalet, som i si utgreiing, *NOU 2020:12 - Næringslivets betydning for levende og berekraftige distriktssamfunn* meinte at kommunar som avstår verdifulle naturressursar til storsamfunnet, må få behalde ein større del av verdiskapinga.

Utvalet foreslår at inntektene frå konsesjonskraft skal utjamnast, men meiner det motsette for inntektene til kommunar som eig kraftselskapa. I *NOU 2022: 10 Inntektssystemet* blir det foreslått at eigarinntekter frå kraftselskap skal haldast utanfor utjamninga. Det er i hovudsak dei store bykommunane som har dei største eigarpostane i kraftselskapa. I motsetning til eigarkommunane, som både har store inntekter og naturverdiar i behald, skal kommunar med kraftutbygging både leve med irreversible naturinngrep og avstå delar av sin rettmessige kompensasjon til andre kommunar.

Fjellnettverket meiner forslaget er urimeleg og ulogisk.



Forslaga bidreg òg til å skape usikkerheit om framtidig energiproduksjon. Skal me nå klimamåla, er framtidig produksjon av energi heilt sentralt. Inntektssystemutvalet rokkar ved det viktige prinsippet om at det skal vere eit vederlag for kommunar ved bruk av lokale ressursar. Dette har vore og er ein sentral føresetnad for utbygginga av vasskrafta. Skal me auke kraftproduksjonen i Noreg, er det nødvendig at lokalsamfunna får kompensert for ulempene. Å endre dei lovfesta inntektene til kommunar med utbygd vasskraft, er ikkje berre eit brot på samfunnskontrakten mellom lokalsamfunna og storsamfunnet. Det skapar usikkerheit og vil difor også vere til hinder for at kommunar i framtida skal akseptere at storsamfunnet brukar dei lokale ressursane.

Utvalet sine forslag vil få negative konsekvensar

Å sikre gode tenester over heile landet, er målet med inntektssystemet. Fjellnettverket meiner at eit system for inntektsutjamning må i større grad enn det utvalet foreslår, ta omsyn til dei ulike føresetnadene i landet vårt.

Fjellnettverket meiner Inntektssystemutvalet sine forslag vil få svært negative konsekvensar for distriktskommunane, og dei vil endre føresetnadene for det grønne skiftet.